



## Sakspapir

<b>Saksnr:</b>	<b>Utval:</b>	<b>Dato</b>	
	Formannskapet		
Sakshandsamar:	<i>Frode Hervik</i>		
Arkivsaknr.:	14/399	Klassering:	FA - N64

### Utbygging av breiband - Rammer for søknad 2015

#### Vedlegg:

Kart\_Felt\_Lerøy\_Hopland\_Solend\_Litleindås\_V2  
Kart\_Felt\_Utkilen\_Synnevåg\_Monslaup\_Bakka  
Kart\_Felt\_Rebnor\_Øksnes\_Opsjon\_Dyrnes  
QB - AUstrheim breiband - sammendragsdata  
Underskriftsliste for utbygging av bredbånd Monslaup og Søre Bakkøy  
Søknad om prioritering ved utbygging av fiberbasert breiband  
Innspel til høyring om vidare utbygging - breiband  
Innspel til høyring om vidare utbygging - breiband  
Brev med underskrifter  
Innspel til høyring om vidare utbygging - breiband  
Innspel til høyring om vidare utbygging - breiband  
Innspel til høyring om vidare utbygging - breiband  
Innspel til høyring om vidare utbygging - breiband  
Innspel til høyring om vidare utbygging - breiband  
Innspel til høyring om vidare utbygging - breiband  
Innspel til høyring om vidare utbygging - breiband

#### Rådmannen sitt framlegg til tilråding/vedtak:

Det vert søkt Nasjonal kommunikasjonsmyndighet om tilskot til vidare breibandsutbygging i tråd med saksframlegget.

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Austrheim sette i 2013 i gong eit prosjekt med utbygging av breiband med høg hastigheit basert på fiber, og fekk tilsegn om 1,6 mill. i tilskot frå Hordaland fylkeskommune som fordelte midlar til dette. Dette resulterte i utbygging av breiband basert på fiber til følgjande område:

- Kaland
- Fonnes, inkludert Fonnesstraumen

- Kvalvågen
- Sætre
- Mastrevik
- Årås
- Austrheim

Totalt 705 husstandar og bedrifter får tilbod om tilkopling.

I 2014 vart tilskotsordninga lagt om ved at det er Post- og teletilsynet som forvaltar midlane. Austrheim kommune søkte, men fekk ikkje tilskot i fjor. Post- og teletilsynet skifta 01.01.2015 namn til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM). Det vert lagt opp til ny søknad i 2015 basert på søknaden frå i fjor.

I følgje NKOM har støtteordningen følgjande hovudpunkt:

- Fastsatt av Samferdselsdepartementet og notifisert til EFTAs Overvåkingsorgan (ESA) ut 2017 i.h.t EUs retningslinjer for statlig støtte til bredbåndsutbygging.
- Ordningen er teknologinøytral og søknadsbasert med krav til prosjektbeskrivelse og dokumentasjon etter fastsatte kriterier
- Kun kommuner/fylkeskommuner kan søke om midler, men andre (f.eks regionråd, grendelag) må gjerne bistå kommunen i utforming av søknad. Kommunale søknader skal først behandles og rangeres av fylkes-kommunen før oversending til Nkom.
- Kommune/fylkeskommune får rollen som *prosjekteier* og skal legge ut godkjente prosjekter på anbud. Kommersielle aktører oppfordres til å legge inn tilbud på utbyggingen og får rollen som *utbygger*.
- *Utbygger* får eiendomsrett til nettet, men påtar seg tilgangsfpliktelser
- *Prosjekteier* er ansvarlig for bruk av midlene og rapportering til Nkom
- Tilgjengelige midler for 2015: 110 mill.kr.

NKOM opererer med følgjande kriterier med innbyrdes vekting:

- Områder uten grunnleggende tilbud (< 4 Mbit/s) (25%).
- Områder med grunnleggende tilbud, men uten tilbud omhøykapasitetsbredbånd (15%).
- Kostnadseffektiv nettutbygging (20%).
- Lokal medfinansiering (10%).
- Plan for bærekraftig drift etter utbygging (15%).
- Betydning for lokal samfunnsutvikling og verdiskaping (15%).

Både NKOM og Hordaland fylkeskommune har oppmodo kommunar om å samarbeide om søknader.

## Vurdering

Austrheim kommune si prosjektgruppe, som består av Rolf Raknes (planavdelinga), Hilde Hardang (teknisk) og Frode Hervik (Prosjektleder utvikling), har etter førespurnad frå Radøy kommune drøfta ein felles søknad frå Austrheim og Radøy. Det er også gjort vurderingar knytt til eventuelt samarbeid med andre kommunar, men konkludert med andre utfordringar og/eller andre utbyggingsområde gjer dette mindre relevant. Radøy og Austrheim sine utbyggingsområde heng derimot betre saman, og det er moglege føremonar knytt til ei samla større utbygging som også kan bety ei meir

kostnadseffektiv utbygging.

Prosjektgruppa til Austrheim kommune gjekk gjennom kartdata og vurderte kva for område det ville vere hensiktsmessig å byggje vidare ut. Resultatet av denne gjennomgangen og handsaminga av høyringsinnspel er at det vert søkt om tilskot til utbygging av fiberbasert breiband til følgjande område:

- Kilstraumen og Bakkøy (148)
- Austrheim-området (justert 330)
- Rebnor-Øksnes (78)
- Vikane (ny, 17)

I følgje utbyggingsplanane vil totalt 573 husstander og verksemder få tilbod om høghastigheitsbreiband. Av desse har 35 husstander på Øksnes så dårleg internettløsning (< 4 Mbit/s), at det gjev ekstra utteljing i søknaden.

Det må påreknast ein vesentleg høgare utbyggingskostnad per husstand samanlikna med førre utbygging. Totalt vil ei utbygging vere grovt estimert til 7-8 millionar med utgangspunkt i at 70% av innbyggjarane/verksemdene som får tilbod nyttar seg av det. Finansiering vert dekkja med tilskot, eigenfinansiering, sluttkundane og eventuelt utbyggjar.

Austrheim kommune har gjennomført ei nettbasert spørjeundersøking. I den kom det fram at 99 prosent var interesserte i å nytte seg av fiberbasert breiband dersom dei fekk tilbod om det. Med ein tilknytningskostnad på 5000,- er det 92 prosent som er interesserte, og dersom tilknytningskostnaden vert 10.000,- er det 46 prosent som er interesserte. Dermed bør ikkje tilknytningskostnaden vere så høg som 10.000,-.

Det kan vere vanskeleg å få på plass ei totalfinansiering av heile det planlagte utbyggingsområdet, og det er derfor ikkje tilrådeleg å utvide områda som ligg i utbyggingsplanane.

I høyringsrunden kom det inn følgjande innspel:

- Bakkøy grendelag vil tydeliggjere interessa for utbygging av fiberbasert breiband i grenda, og viser til dårlege og ustabile internettløsningar i dag. Frå Monslaup og Søre Bakkøy er det i tillegg kome inn underskriftsliste, som viser stor interesse i området. Det er også kome inn to manuelle svar på kommunen si nettbaserte spørjeundersøking.

Kommentar: Heile Bakkøy ligg inne i utbyggingsplanane. I 2014 var ikkje Monslaupen og Søre Bakkøy med, men dei er no tekne inn for å få med heile øya.

- Hopland grendelag viser til at det er stor interesse for utbygging av fiberbasert breiband, og viser til dårleg kapasitet på eksisterande internettløsningar. Vidare understrekar dei at det også er fleire næringsdrivande i området.

Kommentar: Hopland er med i utbyggingsplanane.

- Kvalvågen grendelag ynskjer at nordre del av Kvalvågen vert lagt til utbyggingsplanane, og viser til at det er ført fram trekkkrør for fiberkabel til ny trafostasjon, samt stor interesse og at kommunen tidlegare har gitt lovnad om at området skulle vere med i 2015.

Kommentar: Heile Kvalvågen kom desseverre ikkje med i utbygginga i 2014, og norde del ligg såleis igjen. I ettertid er det klart at ein burde lagt inn heile Kvalvågen i opsjonsområdet som resulterte i utbygginga i 2014, men då vart dei områda med tettast busetnad prioritert. Tilhøva ligg likevel til rette for ei utviding, som grendelaget påpeikar. Området vart lagt inn som opsjonsområde i søknaden i 2014, og rådmannen meiner at ein følgjer same leist også i 2015-søknaden. Nordre Kvalvågen er såleis med i utbyggingsplanane.

- Bebuarane i Vikane ynskjer at Vikane vert teke med i utbyggingsplanane, fordi dei ikkje kom med i Mastrevik-utbygginga, og no er definert utanfor Leikvoll-Solend-området. Det er 17 husstander i Vikane, og alle har teikna seg på ei underskriftsliste. Det er også planar/moglegheiter for fleire bustader i området.

Kommentar: Vikane burde i utgangspunktet ha vore med i Mastrevik-utbygginga, og risikerer no å hamne mellom to stolar, fordi dei ikkje var med i utbyggingsplanane i høyringsframlegget. Truleg kan eksisterande node i Mastrevik nyttast til vidare utbygging av breiband i Vikane, og bustadane der ligg også i eit relativt konsentrert område. Sjølv om det er relativt få hus, kan likevel utbyggingskostnadane verte lågare enn snittet. På denne bakgrunn vert Vikane lagt inn i utbyggingsplanane som område det vert innhenta tilbod på.

- Trond Einar Sørensen, busett på Hjertås, viser til at planane for utbygging av fiberbasert breiband strekkjer seg i ein bue rundt hans hus, og ber om at hans eigedom vert teken med. Vidare viser han til at han driv næringsverksemd (Terzz Lyd) som er avhengig av godt breiband pga mykje filoverføring, og at dagens breibandsløysing fungerer dårleg. .

Kommentar: Ved ein feil har nokre hus på Hjertås falle utanfor det definerte utbyggingsområdet i kartet. Kartet vert justert slik at nokre hus til på Hjertås kjem med.

- Helge Dyrkolbotn, busett på Leikvoll, understrekar utbygging av fiberbasert breiband på Leikvoll og vidare mot Solend er viktig, mellom anna på grunn av fleire verksemder og eit godkjend, nytt byggjefelt.

Kommentar: Områda er med i utbyggingsplanane.

- Ann Kristin Tveit, busett i Solesjøen, etterlyser betre informasjon om utbygging av fiber. Ho er sjølv interessert i fiberbasert breiband, og viser til at det er mange i området som er det. Det vert vidare vist til dårlege internettløyningar per dags dato.

Kommentar: Solend er med i utbyggingsplanane. Det er frå kommunen si side informert om høyringa knytt til utbyggingsplanane gjennom avisannonse, på heimesida og på kommunen si Facebook-side. Austrheim kommune kan ikkje ressursar til å sende info om høyringar ut i alle postkassane. Ut frå svara på den nettbaserte spørjeundersøkinga ser det også ut til at ein del på Solend og i Solesjøen har fått med seg høyringa. Dersom Austrheim kommune får tilskot, vil informasjon gå til kva husstand som får tilbod om fiberbasert breiband frå utbyggjar. Det kan verte justeringar i utbygginga som følgje av kva tilbod som kjem inn.

- Elin Nesse Karlsen og Sigmund Karlsen, busett på Litlelindås, signaliserer interesse for fiberbasert breiband til to bustadhus.

Kommentar: Litlelindås er med i utbyggingsplanane. Området var ikkje med i 2014, men er kome med no gjennom ei utviding sørover frå Førland.

I sjølve anbudsrunnen vil ein gjere som sist ved å leggje opp til opsjonsområde for å prøve å få best mogleg dekning for pengane og for å gi utbyggjarane rom til å kome med løysingsframlegg. I utbyggingsrunnen som vart søkt om i 2013 fekk ein full utteljing på dette, men kor vidt ein lukkast i same grad på ny er usikkert på grunn av langt høgare utbyggingskostnader. Opsjonsområda er følgjande:

- Ulvøy.
- Njøten.
- Dyrnes.
- Nordre Kvalvågen.
- Leirvåg.
- Litlås.

Det vert lagt opp til følgjande saksgang: Formannskapet slutthandsamar grunnlaget for søknaden, og administrasjonen ferdigstiller søknaden og sender den inn innan fristen 15. mai. Dersom ein får tilskot, vert oppdraget lagt ut på anbod. Formannskapet handsamar som sist valet av tilbod og gjer eventuelle prioriteringar, dersom det ikkje vert økonomisk grunnlag for å ta full utbygging i 2015. Formannskapet vil også ta stilling til eventuelle prioriteringar av opsjonsområde.

Det er ingen negative verknader for folkehelse eller miljø. Dei økonomiske konsekvensane er knytt til bruk av 750.000 som er løyvt i budsjettet for 2015.

## **Konklusjon**

Det vert søkt Nasjonal kommunikasjonsmyndighet om tilskot til vidare breibandsutbygging i tråd med saksframlegget. Det er etter rådmannen si oppfatning ikkje tilrådeleg å utvide områda som ligg i utbyggingsplanane.

## **Sakspartar**

Kopi av vedtak og saksgrunnlag vert sendt til dei som har levert inn høyringsfråsegn.